

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 23.02.2021

Vår ref.: 202010487-4

Arkiv: 311

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Silje Aakre Solheim

22959544/saas@nve.no

Høyring av Sol Smolt AS sin søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Skogevatnet og Storevatnet i Solund kommune i Vestland

NVE har motteke ein søknad frå Sol Smolt AS, datert 29.1.2021, om løyve til regulering og uttak av vatn frå Skogevatnet og Storevatnet i Solund kommune. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Firda og Bergens Tidende. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Bjørn Trovåg på tlf. 90 82 19 11 eller e-post: bjorn@solsmolt.no.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk vis www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd, og seinast innan

9.4.2021.

Det er også mogleg å sende uttalar per e-post til nve@nve.no og per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Dersom de har problem med å rekke høyringsfristen på grunn av koronaviruset ber vi om at de snarast tek kontakt med saksbehandlar og søker om utsett høyringsfrist. De kan også finne informasjon om fristar på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Skildring av tiltaket

Sol Smolt AS planlegg å auke produksjonen av smolt og søker difor om løyve til regulering og vassuttak frå Skogevatnet og Storevatnet til bruk i settefiskanlegget ved Gylta i Solund kommune. Det blir søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 100 l/s og eit maksimalt vassuttak på 150 l/s. Det er planlagt å regulere Skogevatnet med 1,2 m mellom LRV på kote 43 og HRV på kote 44,2. I utløpselva frå Skogevatnet er det planlagt å sleppe minstevassføring på 30 l/s. Det er også planlagt å regulere Storevatnet med 0,4 m mellom LRV på kote 2 og HRV på kote 2,4. Frå Storevatnet er det planlagt å sleppe ei minstevassføring på 45 l/s til utløpselva. Det skal etablerast passasje for ål ved begge dammane og i tillegg for sjøaure ved den nedste dammen. Nye fysiske inngrep er to dammar med arrangement for slepp av minstevassføring. Eksisterande vassleidningar og inntak skal nyttast. Eksisterande trase for vassleidning til Skogavatnet skal rustast opp til anleggsveg fram til dammen. NVE behandlar regulering, vassuttak, dam, inntakskonstruksjonar, veg og røyrgate fram til settefiskanlegget.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakerliste:

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Mattilsynet
Norges Miljøvernforbund
Solund kommune
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopi til:

Rådgivende Biologer AS v/Geir Helge Johnsen
Sol Smolt AS